

Referat frå styremøte i Herand Bygdelag.

Stad/tidspunkt: Herand skule (barnehagen), 20. mars 2012, kl 19.00 – 21.30.

Til stades: Dan Danielsen, Gerd Ingeborg Haugen, Jane Lene Svåsand, Hallvard Samland, Einar Ystevik, Britt Heidi Selsvik, Ole-Gisle Vassel.

Sendes til: Styremedlemene i Herand Bygdelag, styremedlemene i Herand barnehage og Herand barnehage v/styrrar.

Sak 1, Årsmøtesaker.

Førebuing til årsmøte 27. mars 2012.

- a) I årsmøteknngjeringa på plakatassen og på heimesida var det sett frist til 20.03.2012 for å koma med saker til årsmøtet. Styret har ikkje motteke nokon saker.
- b) Framlegg til Årsmelding 2011 vart godkjend med nokre mindre endringar.
- c) Kasserar la fram revisorgodkjend rekneskap for Herand Barnehage og Herand Bygdelag til orientering.

Sak 2, Barnehagen.

- a) Leiar og skrivar orienterte om klagen på det kommunale vedtaket om tilbakebetaling av tilskot som er sendt til behandling i Jondal formannskap. Klagen vert etter planen handsama i FS 18.04.2012.
- b) Underteikna samarbeidsavtale mellom Herand Bygdelag og Jondal kommune for drifta av barnehagen er underteikna og returnert til kommunen.
- c) Kasserar la fram rapport og orienterte om driftsresultatet pr utgangen av februar 2012. Resultatet er positivt i høve til utarbeidd driftsbudsjettet fram til sommaren 2012.
- d) Barnehagedrift frå hausten 2012?
Søknaden om opptak til Herand barnehage frå hausten 2012 er dessverre svært låg, styret i bygdelaget har fått opplyst frå styreleiar i barnehagen at det er kome inn søknad om plass for eit barn under tre år på halv tid frå hausten. I tillegg til fire som går i barnehagen no vert det då fem born frå hausten. Med så lågt barnetal vil drifta av barnehagen gå med underskot.

Tilråding frå styret til Årsmøtet:

Styret i Herand Bygdelag føreslår å nedleggja drifta i Herand barnehage frå 01.08.2012. Grunna lågt barnetal og små moglegheiter for å skaffa pedagogisk leiar. Saka vert lagt fram for Årsmøtet i Herand Bygdelag 27. mars 2012 til avgjerd.

Tilrådinga vart vedteken med fem røyster for, eit styremedlem avstod å røyste, eit styremedlem var permittert.

Sak 3, Eventuelt.

Dugnaden vert laurdag 28. april, den siste laurdagen i månaden som tidlegare. Det nye styret vil planleggje dugnaden.

Ole-Gisle Vassel/skrivar.